

FDV FOR EMMA SERVANTSKAP

MODELLNAVN	EMMA SERVANTSKAP MED SKUFFER
LEVERANDØR	LINN BAD AS
TELEFON / EPOST	57 69 80 00 / post@linnbad.no
NETTSIDE	www.linnbad.no

BRUK / INSTALLASJON	EMMA baderomsmøblar er berekna til innandørs bruk. Bruk alltid godkjent fagmann for montering av EMMA
TEKNISKE DATA	Breidde: 60 cm – 80 cm – 100 cm – 120 cm – 120 cm dbl – 160 cm dbl Høgde: 57 cm Dybde: 46 cm Fargekodar: Kvit matt: S-0502 G50Y Kvit høgglans: RAL 9003 Isbre: NCS: S – 3010 – B70G Svart : S 8500 – N Eik er eikelaminat og har ingen fargekode
BESTANDDELER	EMMA Isbre skrog og frontar består av 19 mm MDF som er lakkert med vannbestandig lakk for å hindre at vatn trenger inn. EMMA kvit høgglans og kvit matt frontar er lakkert 19 mm MDF. Skrog er 16 mm MDF heilfoliert PVC folie produsert etter EN 622-5 MDF = Medium Density Fiberboards. Produsert etter EN 622 – 5 Baksida av skrog består av Melamin – eit belegg av papir impregnert med melamin for å hindre vanninntrenging, og skape ei hard, glatt overflate. Lim brukt i prosessen er vannbasert og uskadeleg for miljøet i henhold til EN 622-1. EMMA Svart / eik og svart er MDF belagt med eikefinér. Svart matt er belagt med FENIX laminat, eit svært slitesterkt materiale med lav refleksjonsgrad. FENIX er lukka i overflata, og har antibakterielle eigenskapar. EMMA servantskap har integrerte skuffeskiner. Skuffene er med fullt uttrekk og demping som sikrar at skuffa lukkes mjukt og lydlaust. Integrerte skuffeskiner er sjølvsmørjande, og treng ikkje å etteroljast. Våre skuffemodeller med fulluttrekk har sider i 5 mm herda glass og stål.

VEDLIKEHALD	<p>Me anbefaler reingjering med vaskemiddel for hushaldningsbruk. Vatn og såperestar tørkast av umiddelbart. EMMA svart kan med fordel reingjerast med laminatrens for å bevare overflata og gjere den motstandsdyktig mot flekker og fingermerker.</p> <p>Emma Eik / Svart m Eik: Overflata reingjerast med ein rein, tørr klut. Flekkar som ikkje let seg fjerne på denne måte, kan reingjerast med ein godt oppvridd klut m såpe. Tørk av med rein tørr klut. Bruk aldri middel med slipande effekt, slik som stålull, nylonsvamp og liknande.</p> <p>Unngå: Reingjeringsmiddel med skureeffekt, eller innehaldande løysemiddel. Eksempel: Syrer, klorin og ammoniakk må ikkje brukast</p> <p>Våre skrog og frontar er vannbestandige, og produsert for å forhindre vatninntrenging. Dette betyr <i>ikkje</i> at møbelet er vanntett. Møblane toler ikkje å stå i vatn – ver varsam og tørk av, så det ikkje blir liggande vatn på møbelet over lengre tid.</p>
AVFALLSHANDTERING	Produktet leverast på godkjent mottak for resirkulering
ANNA	Følg produktets brukarmanual med komplett veiledning for installasjon.

Takk for at du valde eit produkt frå Linn Bad AS!